



Tilleggsinnkalling av Kommunestyret

Møtedato: 31.10.2022
Møtestad: Kommunestyresalen, kommunehuset - Masfjordnes
Møtetid: 11:45 - 15:30

Dialog mellom ungdomstrinnet på Sandnes skule og kommunestyret i starten på møte.

Orientering om framlegg til budsjett 2023

Eventuelle forfall må meldast til Anne Kristin Rafoss per tlf. 56166291, sms til 90898072 eller per epost til anne.kristin.rafoss@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Saksliste:

- 5 Vestlandsrevisjon IKS: Oppdatering av eigar- og ansvarsdel i selskapsavtale
- 059/2022 Søknad om driftsstøtte for sesongen 2022/23 Stordalen skisenter as
- 060/2022 Finansiering av kjøp av tenestebil teknisk - bil til vegvedlikehald

31. oktober 2022

Karstein Totland
møteleiar

Anne Kristin Rafoss
sekretær

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE-033	20/850

Saknr	Utval	Type	Dato
100/2022	Formannskapet	PS	31.10.2022
059/2022	Kommunestyret	PS	31.10.2022

Søknad om driftsstøtte for sesongen 2022/23 Stordalen skisenter as

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram for drøfting i formannskapet

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Referatsak formannskapsmøte 21.10.22;

Skriv 1: Brev gjeldande vidare drift av Stordalen Skisenter

Styret i Stordalen skisenter AS følgjer opp innspela, og evt. søknad vert handsama av formannskapet 31.10

Uttale

Frå idrettslaget Bjørn West 2.10.2022

GJELD VIDARE DRIFT AV STORDALEN SKISENTER.

Stordalen skisenter er eit aksjeselskap eigd av Masfjorden kommune og Bjørn West Idrettslag. Skisenteret vart skipa rundt 2007.

Stordalen skisenter er populært. Særleg blant hyttefolk i området. Utover det kjem det tilreisande frå Bergensområdet, Lindås, Gulen, Høyanger og frå Solund. Me har fleire tusen besøkjande kvart år.

Ei skisentergruppe vald av medlemmane i Bjørn West IL har stått for drifta av skisenteret. Heile drifta har dei fleste åra vore på dugnad. Det har vore svært mykje arbeid og me har nå kome til eit punkt der me ikkje ser at det er mogeleg å drive skisenteret vidare på denne måten.

Arbeid gruppa utfører er mangt anna:

Innkjøp til kiosk, innkjøp og oppdatering av utleigeutstyr som ski, hjelmar, stavar, vedlikehald og service av trakkemaskiner og ATV, ha service og vedlikehald på heis,. få på plass mannskap til

preparering av bakken, få frivillige til å vera vakt og setja opp vaktliste , betala rekningar , søkja om midlar. Rett og slett gjera alt som skal til for å kunna ta imot besøkjande og halda drifta i gang.

Bjørn West Idrettslag og skisentergruppa må dessverre innsjå at det nå ikkje er mogeleg å driva skisenteret vidare som eit reint dugnadsforetak. Me har ei gruppe personar som i mange år har lagt ned utallige dugnadstimar for å halda skisenteret i drift. Disse har no kome til eit punkt der dei ikkje klarar dette meir og det er ikkje mogeleg å rekruttere nye personar til dette arbeidet.

Bjørn West IL vil med dette be Masfjorden Kommune som medeigar i Stordalen Skisenter om å vurdere ei form for driftsstøtte som gjer det mogeleg å drifte skisenteret den komande sesongen og vidare framover.

Bjørn West IL er opne for god dialog og gode prosessar framover.

Ny sesong plar vera under planlegging i november. Før den tid må me ha eit svar på kva kommunen tenkjer om den vidare drifta av skisenteret. Me tykkjer det er synd dersom det er «kroken på døra». Til det ligg det altfor mange dugnadstimar bak og ikkje minst eit flott aktivitetstilbod som Masfjorden kommune kan vera stolt av.

Frå skisentergruppa 18.10.2022

Viser først til brev angående Stordalen skisenter frå leiar i IL Bjørn West. Det som er omtala der er klart ei stor utfordring, nemleg få folk til å driva skisenteret framover. For komande sesong har me også ei anna utfordring . Det er dei høge kostnadane på straum og diesel som kan få den konsekvens at me ikkje kan opna i det heile.

På kort sikt er situasjonen slik:

- I skisentergruppa sit no 5 personar. 2 av desse har vore med heilt sidan første spadetak, 1 person i heile driftstida , 1 i snart 4 år og den siste i snart 2 år. Utanom denne gruppa har me 4 personar som har stått for preparering av bakken heile tida. For komande sesong har ein av desse sagt opp og ein delvis sagt opp. 1 av desse sit også i skisentergruppa.
- Dei 5 er valde av idrettslaget og skal sitja fram til årsmøtet i februar/mars 2023. Me skal med andre ord leggja planar for sesongen 2023 ,noko me tykkjer er vanskeleg.
- Skal me kunna opna til denne sesongen må kommunen ta alle energikostnadane. Det gjeld straum og diesel/bensin.

Skisentergruppa sine tankar om framtidig drift:

- ein kommunalt tilsett er behjelpeleg med å søkja om midlar i ulike, fond, legat, stiftelsar mm
- Kommunen yter støtte tilsvarande 1,5 stilling i sesongen (6 mnd).

Skisentergruppa fordeler midlane etter arbeidsmengde og behov.

****Varmestova/ servicebygg :** dette er i ein slik forfatning at me ikkje kan bruka den lenger. Her er det snakk om HMS for driftspersonell og gjestar. Skisenteret må få høve til å byggja seg opp eigenkapital for å få realisert eit nytt servicebygg med garasje. Garasje er svært viktig for å ta vare på utstyr som skisenteret har.




Fakta

Styret i Stordalen skisenter as hadde styremøte 24.10.2022, med fokus var på drifta 2022/23, og styret samla seg om ein søknad til kommunen om driftsstøtte basert på

Diesel 50. 000
Straum 150.000
Dugnad 200.000 – 150 kr
Og samla inntil 400.000,-

Økonomien i selskapet,

Solid resultat 2018, deretter 3 år med liten aktivitet og dårleg inntening





Innspel IL BW og Skisentergruppa drøfta i formannskapet 21.10. Formell søknad må komme ved styret i 992 023 996 Stordalen skisenter as. Søknad føreligg, og vert følgt opp i ekstra formannskapsmøte i forkant av kommunestyremøte den 31.10.22.

Vurdering

For å sikre drift i Stordalen skisenter 2022/23 må søknaden om driftsstøtte innfriast. Selskapet har hatt 2-3 dårlege økonomiske år. Dette er å sjå på som eit kortsiktig tiltak. Vert denne sesongen og dårleg med m.a. mildvær etc. og dårleg inntening, må ein vurdere vidare drift av selskapet.

Konklusjon

Masfjorden kommune løyver driftsstøtte til Stordalen skisenter as med inntil kr. 400.000,- for sesongen 2022/2023 med basis i auka kostnader til diesel 50. 000, auka straumkostnader med 150.000 og dugnadsgodtgjering 200.000 – 150 kr pr. time.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Roald Kvingedal	FE-482, TI-&50	22/115

Saknr	Utval	Type	Dato
102/2022	Formannskapet	PS	31.10.2022
060/2022	Kommunestyret	PS	31.10.2022

Finansiering av kjøp av tenestebil teknisk - bil til vegvedlikehald

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune løyver Kr 982.000,- inkl mva,- til kjøp av tenestebil til vegvedlikehald. Midlane vert henta frå disposisjonsfondet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Ved teknisk er det behov for ny bil til vegvedlikehald. Dagens bil er frå 2011, denne bilen er no i så dårleg stand at det er på tide å bytte denne ut, det kan kome store utgifter på bilen. Dette er ein pickup merke Izu, med 4 hjul trekk, automat og kan trekke henger inntil 2,5 tonn. Den er utstyrt med brøteskjær og strøkkasse for strøing av salt og sand på vegar og parkeringsplassar. Dette utstyret er og no utslitt etter 11 års drift, 12 år til vinteren er over.

Fakta

Masfjorden kommune har ein portefylgje med 80 km med veg rundt om heile kommunen. Dette krev både vedlikehald sommar som vinter. For å drive ei god og effektiv vegvedlikehald og kunne reise ut nesten uavhengig av vær og føre, og med tanke på beredskap er det behov for ein god og robust bil til desse oppdraga. Bilen vert og nytta til å frakta rundt diselaggregat på 27 Kw (1500kg), for å halda vassverka eller andre installasjonar i drift når straumen er ute over lengre tid.

Masfjorden Kommunen utføre mykje brøyting og strøing på vegar, parkeringsplassar og for heimetenesta. Dette er i tillegg til brøytekontraktørane som og utfører dette arbeidet. I periodar med mykje snø og svært glatt, må kommunen kunne utføre dette arbeidet sjølv med eget utstyr, for å få ei god og effektiv vegvedlikehald om vinteren. I tillegg må det påreknast brøyting for heimetenesta i kommunen. Desse stadene vil variere frå år til år. Masfjorden kommune vil også utføre brøyting på desse vegane.

Krav til denne type bil: drivstoff type diesel til tyngre varetransport < 3,5 tonn. Krav til god fremkommelighet til dårleg norsk vinterføre. Bilene skal ha trekk på 4 hjul, automat og motorstørrelse på min 160HK, 4 dørs med dobbelcabin, 2 seter, hengerfeste, vinterhjul med pigg, understellsbehandling pluss ein del ekstar lys. Dette er spesifisert som krav til leverandørane.

Masfjorden kommune har mottatt tilbud frå 2 leverandørar.

Kostnad bil med generelt utstyr: 738.000,- inkl mva

Bilen må utstyrast med fylgjande utstyr for vintervedlikehald: brøyteutstyr pakkelsøsnig m/ V-plog og min 550 liter tank for strøsand og salt med spreder.

Kostnad vintervedlikehald: 244.000,- inkl mva.

Totalkostnad med kjøp av bil for vedlikehald av kommunalevegar Kr 982.000,- inkl mva.



Prinsippet for pickup med brøyte og strø utstyr for vinter vedlikehald

I gjeldande retningslinjer for brøyting og strøing for kontraktørar på alle rodane:

Kommunen har rett til sjølv å utføre strøing på vegar som er omfatta av kontrakten i tillegg til andre vegar/snuplassar enn dei som står opplista i dokumentet.

I tillegg må det påreknast brøyting for heimetenesta i kommunen. Desse stadene vil variere frå år til år. Masfjorden kommune vil også utføre brøyting på desse vegane.

Vurdering

Masfjorden kommune har ein portefylgje med 80 km med veg rundt om heile kommunen Dette krev både vedlikehald sommar som vinter. For å drive ei god og effektiv vegvedlikehald og kunne reise ut på oppdrag nesten uavhengig av vær og føre, og med tanke på beredskap er det behov for ein god og robust bil til desse oppdraga.

For å kunne utføre dette arbeidet med vintervedlikehald på ein god og effektiv måte, er ein heilt avhengig av kjøp av denne type ny bil.

Masfjorden kommune har mottat 2 tilbud på kjøp av bil med utstyr, pris på bil med generelt utstyr

738.000- pluss mva, og pris på brøyte – og strøtstyr er på 244.000,-.

Konklusjon

Masfjorden kommune løyver Kr 982.000,- inkl mva til kjøp av tenestebil til vegvedlikehald. Midlane vert henta frå disposisjonsfondet.

**Selskapsavtale etter samanslåing av Indre Hordaland
Revisjonsdistrikt (IHR) og Nordhordland Revisjon IKS (NHR)**

Gjeldande frå 16.08.2022

Vestlandsrevisjon IKS

§ 1 SELSKAPET SITT NAVN

Selskapet sitt namn er Vestlandsrevisjon IKS.

Verksemda er eit interkommunalt selskap og er oppretta med heimel i lov om interkommunale selskap av 29. januar 1999 (IKS lova).

§ 2 DELTAKARAR , EIGARAR OG ANSVAR

Deltakarar i selskapet er kommunane Austrheim, Eidfjord, Fedje, Masfjorden, Modalen, Osterøy, Ulvik og Voss.

Eigar og ansvarsdelen i selskapet er fordelt etter folketalet pr 2. kvartal 2022 slik:

Eigardel frå og med 16.08.2022	
Voss herad	50.60 %
Osterøy kommune	25.92 %
Austrheim kommune	9.13 %
Masfjorden kommune	5.21 %
Ulvik herad	3.34 %
Eidfjord kommune	3.03 %
Fedje kommune	1.58 %
Modalen kommune	1.19 %

Ansvarsdelen blir justert kvart fjerde år, og elles ved naturlege endringar som opptak og utmeldingar i selskapet.

Selskapet inngår avtale med kommunane om honorar for tenestene.

Eigarane yter ikkje årleg tilskot til selskapet.

§ 3 FORMÅL

Selskapet har til formål:

1. Selskapet leverer revisjonstenester til eigarkommunane i samsvar med Lov om kommunar og fylkeskommunar av 22.06.2018, kap. 24/ til ei kvar tid gjeldande kommunelov.
2. Selskapet leverer revisjonstenester innanfor finansiell revisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll, attestasjonsfråsegner og rådgjevingstenester.
3. Selskapet skal vidareutvikla ekspertise og effektivitet på kommunal revisjon og gje selskapet fagleg, administrativ og økonomisk gevinst gjennom tidsriktig

teknologisk utvikling og kompetanseutvikling i tråd med den faglege utviklinga i bransjen.

4. Selskapet kan inngå samarbeidsavtalar med andre selskap med tilsvarende formål.
5. Selskapet kan eiga/delta i andre selskap som leverer revisjonstenester og andre tenester som naturleg høyrer slike verksemder til.
6. Selskapet er ope for nye kommunar som ynskjer å gå inn i Vestlandsrevisjon IKS.

§ 4 HOVUDKONTOR

Selskapet skal vera lokalisert i Knarvik i Alver kommune og på Voss i Voss herad.

Hovudkontoret er ved det kontoret som revisjonssjefen til ein kvar tid er plassert.

Hovudkontoret er fortida i Alver kommune.

§ 5 SELSKAPET SI LEIING

Selskapet er styrt gjennom tre organ, representantskap, styret og dagleg leiar.

§ 6 REPRESENTANTSKAP

Representantskapet er det høgste organet i selskapet og er samansett av ein representant frå kvar eigarkommune.

Ordførar i eigarkommunane er kommunen sin representant med varaordførar som vararepresentant dersom ikkje kommunestyret har gjort anna val. Ved avstemming skal kvar representant si stemme telja lik eigar/ansvarsdel.

Representantskapet har ansvar for:

1. Velje leiar og nestleiar for representantskapet. Leiarvervet er for 2 år om gongen.
2. Velje styre, leiar og nestleiar til styret. Styret er valt for 2 år om gongen.
3. Velje valnemnd.
4. Behandla budsjett, økonomiplan, årsmelding og årsrekneskap.
5. Behandle andre saker som går fram av lova og selskapsavtalen.
6. Gjennomføre minst to møter årleg for behandling av oppgåver som nemnd over.

§ 7 VALNEMND

Valnemnda skal bestå av minst tre medlemmar og minst to varamedlemmer i rekkje.

Representantskapet utarbeidar retningslinjer for valnemnda sitt arbeid.

§ 8 STYRET

Val av styret følgjer IKS lova.

Styret er sett saman av 5 medlemmer med vararepresentantar i rekkje.

Styret har ansvar for å:

1. Sjå til at selskapet vert drive i tråd med selskapet sitt formål, selskapsavtale og innanfor vedteke budsjett.
2. Sjå til at vedtaka i representantskapet og vedtekne retningslinjer vert gjennomført.
3. Sjå til at selskapet er organisert på ein kostnadseffektiv måte.
4. Sjå til at rekneskapsføring og formuesforvaltning er under tilfredsstillande kontroll.
5. Styret tilset og fastset løn til dagleg leiar.
6. Styret utarbeider styreinstruks og instruks for dagleg leiar.
7. Styret vedtak rammer for lokale lønsforhandlingar og løn til dagleg leiar.

§ 9 DAGLEG LEIAR \ REVISJONSSJEF

Dagleg leiar har ansvar for:

1. Leiing av selskapet
2. Gjennomføra vedtak og retningslinjer som styret har gjeve.
3. Sekretær og sakshandsaming for representantskapet og styret
4. Utføre oppgåver i samsvar med instruks for dagleg leiar.

§ 10 ARBEIDSGJEVARANSVAR OG TILKNYTING

Styret har det øvste arbeidsgjevaransvar for dei tilsette i selskapet. Selskapet skal vera medlem av arbeidsgjevarorganisasjonen KS Bedrift.

§ 11 LÅNEOPPTAK OG GARANTIANSVAR

Selskapet kan ta opp lån til kapitalformål eller likviditetsformål innanfor ei samla ramme på kr 2 000 000. To millionar norske kroner. Representantskapet gir fullmakt til styret til å ta opp lån, samt godkjenne lånevilkår.

§ 12 GODTGJERING TIL REPRESENTANTAR I STYRANDE ORGAN

Representantskapet fastset kompensasjon til medlemar av styret. Kompensasjon til representantskapet sine medlemar vert fastsett og dekkja av eigarane.

Representantskapet kan vedta at selskapet yter særskilt godtgjersle til leiar av representantskapet.

§ 13 REPRESENTASJON

Styret representerer selskapet og teiknar firma.

Styret kan vedta at styreleiar eller dagleg leiar kan teikna selskapet.

Dagleg leiar representerer selskapet innanfor sitt myndigheitsområde.

§ 14 UTMELDING OG OPPLØYSING

Kvar eigar i selskapet kan einssidig seia opp si deltaking. Når ein kommune trer ut av selskapet skjer dette i samsvar med IKS-lova sine reglar slik dei er formulert på det tidspunktet selskapet får melding om utmeldinga.

Når ein kommune går ut av selskapet skal ansvaret for å innfri pensjonsrettane til dei tilsette dekkast etter følgjande prinsipp:

1. Pensjonsforpliktingar for tilsette i selskapet blir fordelt mellom eigarane basert på eigardelen i selskapet.
2. Alle utrekningar skal gjerast av KLP på grunnlag av prinsipp nytta av Pensjonskontoret i «Overføringsavtalens sikringsordning»
3. Pensjonsforpliktingar for avtalte og gjeldande pensjonar i selskapet for dei som er tilsett i selskapet ved etableringstidspunktet 1. januar 2020 blir basert på eigardelane i selskapet.
4. Pensjonsforpliktingar for avtalte og gjeldande pensjonar som er overført frå dei tidlegare einingane Indre Hordaland Revisjonsdistrikt (org.nr. 971 361 433) Nordhordland Revisjonsdistrikt (org.nr. 971 543 124) skal fordelast og fakturerast deltakarane i NHR og IHR basert på eigardelane i desse selskapa på avviklingstidspunktet.

Ved endringar i pensjonslovgjeving eller pensjonsordningar skal desse prinsippa framleis gjelda for eigarane i selskapet.

Forslag til oppløysning av selskapet må vedtakast einstemmig av representantskapet, før det sendt deltakarane for behandling. Elles gjeld reglane om oppløysning i IKS-loven slik dei lyder når forslaget vert vedtatt av representantskapet.

§ 15 ENDRING AV SELSKAPSAVTALEN

Endringar i selskapsavtalen skjer i samsvar med IKS-lova.

STYRET FOR VESTLANDSREVISJON IKS

MØTEUTSKRIFT STYRET

Møtedato: 26. september 2022
Kl: 12.00 – 15.10
Stad: Knarvik, møterom
Desse møtte: Øivind Olsnes (leiar), Bjørg Djukastein (nestleiar), Sveinung Kvamme,
Knut Moe, Kari Sandøy-Jarman
Møteleiar: Øivind Olsnes
Forfall: Tilsettrepresentant møtte ikkje på dette møtet
I tillegg møtte: Janne Eraker (revisjonssjef)
Referent: Janne Eraker

SAKSLISTE:

Sak 13/22 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
Sak 14/22 Godkjenning av møteutskrift frå 9. mai 2022
Sak 15/22 Orientering om drift og aktuelle saker
Sak 16/22 Oppdatering av selskapsavtale
Sak 17/22 Strategiarbeid for selskapet
Sak 18/22 Eventuelt

Øivind Olsnes ynskte velkommen til møtet.

Sak 13/22 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste.

**Samrøystes vedtak:
Møteinnkalling og sakliste vart godkjent.**

Sak 14/22 Godkjenning av møteutskrift frå 9. mai 2022

**Samrøystes vedtak:
Møteutskrift frå 9. mai 2022 vart godkjent.**

Sak 15/22 Orientering om drift og aktuelle saker

Styreleiar og revisjonssjef orienterte om selskapet

- Driftsituasjon og aktuelle saker
- Personalsituasjon

**Samrøystes vedtak:
Orientering vart teken til etterretning.**

Sak 16/22 Oppdatering av selskapsavtale

Grunna utmelding av Ullensvang kommune er eigar og ansvarsdel i selskapsavtalen endra frå 16.08.2022. Endringa er gjort i samsvar med vedtekne føringar i selskapsavtalen § 2 tredje ledd. Oppdatert selskapsavtale vart presentert.

Samrøystes vedtak:

Styret godkjenner oppdatert selskapsavtale med naturleg justering av eigar og ansvarsdel i selskapsavtalen § 2 grunna utmelding frå selskapet.

Oppdatert selskapsavtale gjeldande frå 16.08.2022 vert oversendt eigarkommunane til orientering.

Sak 17/22 Strategiarbeid for selskapet

Drøfting kring strategi for selskapet. Fokusområde og delmål vart diskutert.

Samrøystes vedtak:

Utkast til strategiplan blir handsama i neste styremøte.

Sak 18/22 Eventuelt

Ingen saker under eventuelt

Neste ordinære styremøte ifylgje møteplan er 19. oktober 2022.
Møtet blir i Knarvik.

Knarvik, 26.9.2022

Øivind Olsnes
Styreleiar

Bjørg Djukastein

Sveinung Kvamme

Knut Moe

Kari Sandøy-Jarman

Janne Eraker
Revisjonssjef

Kopi: Ordførar/rådmenn i Vestlandsrevisjon IKS

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Øivind Olsnes

Styreleder

Serienummer: 9578-5993-4-2133028

IP: 92.220.xxx.xxx

2022-09-27 12:30:57 UTC



Kari Sandøy-Jarman

Styremedlem

Serienummer: 9578-5999-4-2972107

IP: 91.123.xxx.xxx

2022-09-27 12:51:44 UTC



Sveinung Kvamme

Styremedlem

Serienummer: 9578-5995-4-916185

IP: 85.200.xxx.xxx

2022-09-27 13:10:18 UTC



Bjørge Djukastein

Styremedlem

Serienummer: 9578-5993-4-3123302

IP: 193.212.xxx.xxx

2022-09-27 15:10:50 UTC



Janne Eraker

Revisjonssjef

Serienummer: 9578-5995-4-105767

IP: 77.16.xxx.xxx

2022-09-27 16:26:41 UTC



Knut Moe

Styremedlem

Serienummer: 9578-5993-4-1865564

IP: 62.97.xxx.xxx

2022-10-03 07:02:40 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: KZEJWJ-T3JZA-L2PSV-571VC-L5XU3-A0YZG

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>

Fra: [Janne Eraker](#)
Til: [Post Masfjorden kommune](#)
Emne: Vestlandsrevisjon IKS: Oppdatering av eigar- og ansvarsdel i selskapsavtale
Dato: tysdag 25. oktober 2022 15:45:59
Vedlegg: [Møteutskrift for styret 26.09.22.pdf](#)
[Selskapsavtale Vestlandsrevisjon IKS fom 16.08.2022.pdf](#)
[image001.png](#)

Hei,

Viser til vedtak i sak 16/22 i møteutskrift frå styremøte i Vestlandsrevisjon IKS, jf utklipp under.
Ber om at oppdatert selskapsavtale blir lagt fram til orientering i kommunestyret.

Sak 16/22 Oppdatering av selskapsavtale

Grunna utmelding av Ullensvang kommune er eigar og ansvarsdel i selskapsavtalen endra frå 16.08.2022. Endringa er gjort i samsvar med vedtekne føringar i selskapsavtalen § 2 tredje ledd. Oppdatert selskapsavtale vart presentert.

Samrøystes vedtak:

Styret godkjenner oppdatert selskapsavtale med naturleg justering av eigar og ansvarsdel i selskapsavtalen § 2 grunna utmelding frå selskapet.

Oppdatert selskapsavtale gjeldande frå 16.08.2022 vert oversendt eigarkommunane til orientering.

Med venleg helsing,

Janne Eraker

Revisjonssjef/Dagleg leiar

T 99 72 61 68



Vestlandsrevisjon
Kvassnesvegen 23
5914 Isdalstø